

Norges vassdrags og energidirektorat (NVE)  
(nve@nve.no)  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Høyringsuttale vedrørende vilkårsrevisjon av Finndølavassdraget.

Revisjon av konsesjonsvilkåra for regulering av Hovatn, Fisstøylsvatn og Rauvatn i  
Finndølavassdraget. Torsdalsmagasinet

Torsdalsmagasinet er ein mykje bruka innfallsport til Setesdal Austhei og Finndalen, som strekker seg opp mot Fv 45. Ferdsla inn i heia frå Torsdalen, synes berre og auke på. Difor er det naudsynt å leggje tilhøva til rett i Torsdalen for at allmenta kan nytte seg av denne perla i norsk natur.

Torsdalsmagasinet er eit av få magasin i Arendalsvassdraget som ikkje har restriksjonar på vasstanden i sommerhalvåret. I høyringsdokumentet argumenterer AVB med brei pensel kvifor NVE ikkje må innføre sommervasstand i Torsdalsmagasinet. Noe av grunngevinga for dette er at det vil verte mykje meir krevjande og oppfylle krava om sommervasstand i Øysæ, Gaus og Votna. Hadde Hovatn, Fisstøylsvatn og Rauvatn vorte regulert samstundes med dei hi magasin i Finndølavassdraget, er det sannsynleg at det hadde vorte sommervasstand i Torsdalsmagasinet.

AVB viser og til overskjønet vedrørende reguleringa av Finndalsvassdraget (i praksis Torsdalsmagasinet). Overskjønet er datert 2. august 1962. I overskjønet gjeng det fram at fiske erstattast og «avgis under forutsetning av at fiske blir totalt ødelagt ved reguleringen». Vidare stend det om erstatning for vanskelig ferdsel på magasinet «har retten tilkjent samtlige saksøkte undtatt hytteeierne takstnr 13, 15, og 20 erstatning for det tap de påføres som følge av de ferdselsvansker reguleringen vil føre med seg». Det som låg til grunn for konsesjonen av 7. april 1961 og dei skjøn som vart halde i høve neddemminga av Hovatn, Fisstøylsvatn og Rauvatn var at dette var ein tidsavgrensa konsesjon som skulle vare i 50 år, fram til 2021. Desse føresetnadane vart endra ved kgl. Res. av 18. juni 1998, her vart konsesjonen endra frå tidsavgrensa til tidsuavgrensa. Med dette som bakteppe kan ein ikkje nytte tidlegare skjøn som argument for at erstatning er gjeven og at en framleis ikkje treng gjere noko med ulempene ved reguleringa fordi ulempene var kjende da skjønet gjekk. Erstatninga og ulempene var i konsesjonen av 7. april 1961 ment å vare i 50 år, fram til det måtte søkast om ny konsesjon for å framleis kunne regulere Hovtn, Fisstøylsvatn og Rauvatn (Torsdalsmagasinet) etter 2021.

Vi vil framsette desse krava i vilkårsrevisjon.

- Det må setjast krav til magasinifylling i sommarhalvåret. Gjerne knyt til ei kotehøgde. Strendene er svært skjemmande når magasinet er lågt. Dei store strendene øydelegg og leveområde for fisk og andre organismar som har vatnet som sitt leveområde.
- Skjær og båar i magasinet må merkast. Det må informerast med skilt om farane ved å ferdast på magasinet. Dette vil vere til stor nytte og auke tryggleiken for allmenta si ferdsle på magasinet.
- Tilkomstvegen må haldast veldige. Bakken opp til Torsdalen kan vere ei utfordring og fenderen langs vegen er i ferd med å forsvinne.
- Trær og røter losnar frå strendene og driv ikring i magasinet. Dette er til fare for dei som ferdast på magasinet og til ulempe for dei som fiskar.

• Vegen frå bathuset ned til vatnet må støypast heilt ned, samt utvidast. I dag er det vansteleg uten 4-hjulstrek. - stygge kanter.

- Parkeringsplassen i Torsdalen må utvidas, dette med grunngeving i den auka bruken av Torsdalen som innfallsport til Setesdal Austhei og Finndalen.
- Bru over Finndøla der Bispevegen kryssar, må vere regulanten si oppgåve å vedlikehalde. Før magasinet kom var det til tider mogleg å krysse til fots mellom vatna.

Dette er ein uttale frå oss som nyttar Torsdalsmagasinet og Finndalen i fritida.

Valle 12.11.2018

Gudrun Sagneshar  
 Leif Sagneshar  
 Håvard Viki  
 Gerd A. Åkre  
 Kent M Lund  
 Torunn Økere  
 Tor Vili  
 Anette L. Viki  
 Margit Homme  
 Rune Andre Andersen  
 Tarald Hoffst  
 Torun H. Åkre  
 Dreny Rike  
 Hallv Textad

Sigborg I. Nord  
 Gyro Åkre Lund.  
 John Rystad  
 Berg Åkre  
 Ole Åkre Tryslar  
 Kjetil Trydøl  
 Aslak Vppstad  
 Olav V. Åkre  
 // Hallv. Holmum  
 Tora Viki  
 Tora Åkre Lund  
 Oddny Bjugum Sagneshar  
 Leif  
 Henry Viki  
 Bjørnulf Viki

Mattis Trydøl  
 Gunn Lien